

## Saksprotokoll 20.05.2020 - Vestlandsrådet

**Natalia Golis, MDG, Vestland**, sette fram slikt forslag som alternativ til pkt. 1 a i fylkesrådmannen si reviderte innstilling, som er lik pkt. 2 a i fylkesrådmannen si opprinneleg innstilling:

*«For å utvikle dei store vekstområda langs kysten på Vestlandet må E39 mellom Stavanger-Trondheim planleggast og utbyggast med ei langsiktig målsetting om ferjefri standard. På kortare sikt må det prioriterast opprustingsprosjekt og rassikringstiltak på land mellom ferjestrekningane»*

**Frank Sve, FRP, Møre og Romsdal**, sette fram slikt forslag som tillegg til pkt. 1 a i fylkesrådmannen si reviderte innstilling:

*«Møre og Romsdal fylke er opptatt av å arbeide for ferjefrie løysingar på E-39, men viser til den svært store debatten og kravet om bruken av flytebruer og ikkje djupe undersjøiske tunellar. Møreaksen er ikkje eit kryssingsalternativ for ferjefri E-39 i Møre og Romsdal med bakgrunn i svært djupe lange undersjøiske tunellar, som verken støttar moderne miljøkrav, bruk av ny teknologi, eller framtidretta tiltak mot trafikksikkerheit»*

**Trude Brosvik, KRF, Vestland**, sette fram slikt forslag om å ta inn att pkt. 2 b i fylkesrådmannen si opprinnelege innstilling:

*«Stad skipstunnel ligge inne i investeringsramma for Nasjonal transportplan 2018 - 2029. og må prioriterast i første del av NTP 2022 - 2033.»*

**Tove-Lise Torve, A, Møre og Romsdal**, sette fram slikt nytt forslag om å erstatte andre setning i pkt. 1 c i fylkesrådmannen si reviderte innstilling med:

*Vestlandsrådet krev eit statleg program for å fjerne vedlikehaldsetterslepet (inkludert tunnelsikkerhetsforskrifta) på fylkesveg i løpet av NTP-perioden.»*

**Tove-Lise Torve, A, Møre og Romsdal**, sette fram slikt forslag til nytt pkt:

*«Vestlandsrådet syner til at Stad skipstunnel er det einaste store investeringsprosjektet innanfor sjøtransport og er fullfinansiert i gjeldande NTP, og at Stortinget har vedteke byggestart i inneverande stortingsperiode (2017-2021). Vestlandsrådet føreset at dette vert gjennomført.»*

### Avrøysting

**Fylkesrådmannen** sitt reviderte forslag til pkt 1 a vart vedteke mot røystene til Natalia Golis, Alexander Rugert-Raustein og Frank Sve

**Natalia Golis** sitt forslag fekk tre røyster (Natalia Golis, Alexander Rugert-Raustein og Frank Sve)

**Frank Sve** sitt forslag fekk ei røyst (Frank Sve)

**Fylkesrådmannen** sitt reviderte forslag til 1 b, d og e vart samrøystes vedteke.

**Tove-Lise Torve** sitt forslag om å erstatte andre setning i pkt. 1c vart samrøystes vedteke

**Trude Brosvik** trekte sitt forslag om Stad skipstunnel til fordel for forslag frå Tove-Lise Torve.

**Tove-Lise Torve** sitt forslag om Stad skipstunnel vart vedteke mot stemmene til Arne Bergsvåg, Jonas Andersen Sayed og Frode Myrhol.

### Vedtak

1. Vestlandsrådet vil arbeide for å sikre realisering av følgjande felles transportstrategi for Vestlandet på følgjande områder;
  - a. For å utvikle dei store vekstområda langs kysten på Vestlandet må E39 mellom Stavanger-Trondheim planleggast og utbyggast både med ferjefrie løysingar, samt opprustingsprosjekt og rassikringstiltak på land mellom ferjestrekningane. Som den viktigaste vegstrekninga for å binde landsdelen saman må det sikrast økonomiske rammer og midlar for å planlegge og realisere fylkeskommunane sine prioriterte tiltak på denne vegstrekninga.
  - b. Det må utarbeidast ein heilskapleg, nasjonal plan for skred- og flaumsikring av riks- og fylkesvegnettet. Planen må sikrast ei statleg finansiering for gjennomføring i løpet av ei tidsramme på 12 år. Prosjekt i kategori høg og middels må fullfinansierast i ny NTP-periode.
  - c. Med dagens økonomiske rammer, nye krav til vegstandardar og tunnelsikring vil fylkeskommunane ikkje kunne ta att vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet. Vestlandsrådet krev eit statleg program for å fjerne vedlikehaldsetterslepet (inkludert tunnelsikkerhetsforskrifta) på fylkesveg i løpet av NTP-perioden
  - d. Omstilling til låg- og nullutsleppsteknologi i ferje- og snøggåtdrifta har betydelege meirkostnader i høve til konvensjonell teknologi. For å sikre rask innføring av miljøvenleg ferje - og snøggåtdrift må staten ta eit større finansieringsansvar for fylkeskommunane sine utviklings- og investeringskostnader
  - e. Vestlandsrådet syner til teknologiutviklinga innan elektrifisering av luftfarten og understrekar at kortbanenettet på Vestlandet er godt eigna til å prøve ut denne teknologien.
  - f. Vestlandsrådet syner til at Stad skipstunnel er det einaste store investeringsprosjektet innanfor sjøtransport og er fullfinansiert i gjeldande NTP, og at Stortinget har vedteke byggstart i inneverande stortingsperiode (2017-2021). Vestlandsrådet føreset at dette vert gjennomført.